

# BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 1 | mars 2023 | Årgang 65



Altertavla i Ulvik kyrkje.  
Foto: Steinar Sneås Skauge,  
frå Wikimedia Commons.



Høyr påskesalme

**God påske!**

## ULVIK OG EIDFJORD SOKN

### Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik  
**Dagleg leiarkyrkjeværje:**  
 Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917  
 kyrkjeværje@ulvik.kyrkja.no  
**Barne- og ungdomsarbeidar:**  
 Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287,  
 tiljorunn@gmail.com  
**Soknerådsleiar:** Knut Nes, tlf. 976 68 025

### Eidfjord kyrkjekontor:

Lægredsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51  
 Telefntid tysdag og torsdag kl. 09.00-14.00  
**Kyrkjeværje:** Tone Felle Nesheim,  
 tone@eidfjordkyrkje.no  
**Assisterande kyrkjeværje:** Irene Viveli,  
 irene@eidfjordkyrkje.no  
**Organist:** Kris Ulita, rufsenis@gmail.com  
**Kyrkjetenar:** Christian Bouvain,  
 christian@eidfjordkyrkje.no  
**Barne- og ungdomsarbeidar**  
 Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no  
**Diakoniarbeidar og klokkar:** Ingeborg Wijland,  
 ingeborgwijland@gmail.com  
**Soknerådsleiar:** Kari T. Hovland, telefon: 913 86 874

### Sokneprestar:

**Eidfjord:** Johannes Pettersen,  
 53 66 52 51 / 913 40 828  
**Ulvik:** Bengt Staffan Arvidsson  
 BA735@kyrkja.no, tlf.: 902 58 161  
**Eller kontakt:** Voss kyrkjekontor – prosten,  
 tlf. 56 52 38 80

### Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, Wilma Bergman,  
 Kjersti Næsheim, Willemina van Manen, Knut Nes  
 og Stein-Arnold Hevrøy.  
**Redaktør:** Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077  
 steinar.bergo@ulvik.org

**KONTONUMMER:** 3530 31 60378  
**VIPPS:** 593359

Bladpengar for 2023 kr 200,-  
 Utanbygds kr 300,-  
 Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til kyrkjebladet.

**Nettopp du gjer at me held hjula i gang!  
 Takk til annonsørane våre for støtta,  
 og me oppmodar bygdefolka om å  
 støtta dei igjen!**

FRÅ GUDSTENESTA 22. JANUAR

## Minneord over Magnar Haaland



**Sokneprest i Granvin og Ulvik, Magnar Haaland, døydde nyttårtafta 2022. Han vart 61,5 år gamal. Han vart tilsett som sokneprest i Granvin og Ulvik sokn i 2016.**

TEKST: KNUT NES

Før den tid kjende me han som vikarprest og prostiprest i Hardanger og Voss prosti. Han hadde helseproblem i mange år då han fekk ein alvorleg kreftdiagnose i 2010, og gjekk gjennom omfattande operasjonar. Men han reiste seg att etter sjukdomen fleire gonger. Som prest var han ein omgjengeleg og vel omtykt prest som høvde godt i bygdene våre. Han tok ikkje seg sjølv høgtideleg, hadde eit uvanleg godt humør og let seg ikkje knekka trass i mykje sjukdom. Magnar Haaland var stundom lite tradisjonell sjølv under gudstenester. Han kunne frå preikestolen fortelja vitsar slik at kyrkjelyden måtte le. I andre høve var han ein god samtalepartnar til god hjelp for mange ved ulike høve. Han lika godt å arbeida saman med konfirmantane og hadde ein veremåte som ungdomane sette pris på. I unge år var Magnar Haaland ei tid i USA, og han fortalde at av dei 50 statane i USA var det berre Hawaii han ikkje hadde vore innom. På grunn av sviktande helse ba han seg friteken som sokneprest

i Granvin og Ulvik i 2022. Han arbeidde noko på prestekontoret på Voss med oppgåver for prosten. Magnar Haaland hadde ikkje eigen familie, og han knytte gode band til kollegaer og andre på arbeidsplassen. Den siste tida vart det mange turar til sjukehus, og det var truleg ikke meir å gjera mot sjukdomen. Det var ein god flokk frå Ulvik som var samla då han vart bisett i Vangskyrkja den 6. januar 2023. Urna skal setjast ned i foreldra si grav på Nordfjordeid. Ulvik sokneråd har mykje å takka vår kjære prest for, og me lyser fred over Magnar Haaland sitt minne.



Soknerådsleiar, Knut Nes, heldt minneord om prest Magnar.

### Telefontider Eidfjord kyrkje

Kyrkjekontoret i Eidfjord er ikkje bemanna alle dagar. Du treffer oss lettast på telefon tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00-14.00. Du kan gjerne prøva å ringja utanom telefontida, men då kan det henda det ikkje er folk tilstades.

## Konfirmantar 2023

### ULVIK KYRKJE

Synva Opheim  
 Simen Bakkan Ådland  
 Philipp Hjeltnes  
 Lasse Hatlestad  
 Johanna Hjeltnes  
 Tobias Hatlestad  
 Emma Plonska Mediå  
 Alma Emilie Hjortland-Bergo  
 Oliver Williksen

### EIDFJORD KYRKJE

Amelia Teresa Zarzecka  
 Eivind Bu  
 Ingeborg Vik  
 Ingrid Ane Sæbø Læg Reid  
 Kaia Herland  
 Lars Magnus Læg Reid  
 Lisa Fredheim Limstrand  
 Una Herland

## Ny kyrkjekunst laga på dugnad av bygdafolket

TEKST OG BILETE JORUNN BERGO AARVIK

Fyrste helga i advent var det som vanleg julemesse i Ulvik i regi av bygdekvinnelaget. Dei siste par åra har kyrkja vore representert med badnakrok og hobbybord på messa. Denne gongen hadde me i tillegg alliert oss med glasblåsar Silje Syse. Silje stilte med ei gamal vindaugsrute og resirkulerte glasbitar i blått og gult. På førehand hadde Silje teikna opp omriset av ei stjerne. Både vaksne og born som var innom julemessa, vart deretter utfordra til å lima på sin vesle glasbit. Og saman lagde me eit vakkert glasmåleri. Adventsstjerna pryda kyrkja under alle arrangementa i jula, og vil vera å sjå i kyrkja kvar desember framover. Tilbakemeldingane på glasmåleriprojektet var svært gode. Fleire gav uttrykk for at det kjentest meningsfullt å skapa noko vakkert saman. Kanskje får me til eit liknande prosjekt på neste julemesse?



Adventsstjerna framme i koret var eit blikkfang under alle arrangementa i kyrkja denne jula.



Silje legg siste hand på verket. Svært mange av dei besøkande under julemessa tok seg tid til å lima på sin vesle glasbit.

# Har Bedehuset i Ulvik «gjort sin misjon», eller er det ein del av vår kultur?

FOTO OG TEKST: REDAKTØREN

I Brubbyggjaren i september 2021 skreiv kyrkjelydsarbeidar Jorunn Bergo Aarvik om Betel. Ho tok utgangspunkt i festen på Betel i 1958 då huset var nyrestaurert. Presten Ihle frå Voss tala til ein fullsett sal. 1958 er for dei fleste mange år sidan, men Bedehuset vart bygt i 1889. Ved restaureringa hadde dugande snikkarar jamvel flytta på huset! Johan Osa fortalde meg ein gong om dette arbeidet. Jorunn etterlyste tankar om Bedehuset. I eit svar frå Indremisjonssamskipnaden på Stord fekk ho beskjed om at dei ikkje ynskje å ha det økonomiske ansvaret for bygget. Jorunn oppgav telefonnummerekoden sitt for tankar om Betel, og ho tillyste eit møte. Om ho fekk reaksjonar, og kva som kom ut av møtet, veit ikkje Brubbyggjaren pr. i dag. Men det er ei stor oppgåve for heile bygda, dersom ein skal ta vare på Betel! Indremisjonen har framleis eit eigartilhøve til bygget. Knut Sigurd Skeie, som er sonesson til Knut Sigurd Skeie, ein viktig medspelar under flyttinga, har gjeve tomta som Betel står på. Han har forkjøpsrett ved sal. Parkeringsplassar er det mangel på. Men på kveldstid er det truleg mogleg å finna ei ordning med skulen, eller bruka litt fjernare parkering? Kva med Ulvik herad, politikarar og administrasjon? Kanskje det kan finnast eksterne midlar til eit så gammalt «kulturbygg»? Det viser seg ofte at dersom ein kjenner til det og skriv ein god søknad, så finst det midlar til mangt. Eit gammalt bygg med ein slik historie og eit av få hus som ikkje brann ned i sentrum 25. april 1945, burde ha ein viss kultur- og historieverdi! Ulvik er ein såkalla Citta slow bygd. Det inneber at ein tek vare på kultur og kulturbygg, så det må vera ein insentiv til å gripa fatt i saka. For å gje Betel litt gnist frå «gamle dagar», vil Brubbyggjaren prøva å samla nokre minne som mange vil kjenna seg att i og ha glede av. Dette trengst og for at noko skal skje med bygget. Eg startar med å skriva litt om det eg hugsar frå arbeidet med Betel, personar som gjorde ein dugnadsinnsats og det som skjedde inne i huset. Så får andre nemna personar eg har gløymt, aktivitetar og hendingar for ungdomar og vaksne opp gjennom tida.

Dei som kjem på minnet mitt frå slutten av 1950-talet og fram mot ferdigstillinga, er far min Ingvald Bergo, Helena Prestegård, Brita Vikøren med fleire frå Kvinneforeininga, Ingvald Vikøren som dreiv sportsbutikk i lokalet i huset til Rolf Utne, Ole Nordal, far til Wollert, og Knut Sigurd Skeie, Besten til den noverande Knut Sigurd Skeie. Eg trur dei brukte mykje tid og gav både tømmer og pengar. Bygdekvinnelaget heldt basarar og fekk inn mykje pengar. I konfirmasjonstida var me nok der saman med Pastor Johnsen. Han var frå Bergen og hadde kontaktar i ungdomsmiljøet der. Dette førde til at ville bergensarar kom på

besøk og laga mykje liv og røre som skremde nesten livet av dei beskjedne ulvikingane! Nokre av dei kalte seg "Ten Sing" og vart faste gjester på Betel i påsken. Syster mi Marta var engasjert i ungdomsarbeidet på Betel og kjente mange av påskegjestene frå Bergen. Kanskje nokon andre hugsar namn som Kjell Grønner. Eit par av ungdommane vart seinare prestar (og oppførte seg truleg då på ein skikkeleg måte!).

«Tennpluggen» er eit namn og ein institusjon som mange hugsar. Som tidlegare nemnt, er «Betelbasaren» eit omgrep for mange. Det kom òg folk som tala og song for tilhøyrarane. Desse personane vart kalla «emmisærar». Eg hugsar ikkje namna deira, men seinare byrja ein god lærarkollega av meg, Kåre Johan Hamre, som emmisær og var innom Betel på sine reiser. Han har òg skrivt ei bok om Betel si historie. Sundagsskulen var i kjellaren, og mange av desse borna er no vaksne damer og menn. Me skulle gjerne hatt minne frå denne tida! Då dei



Biletet er teke hausten 2021.

restaurerte Brakanes skule, hadde dei undervisning på Betel. Borghild Melve, som var rektor på Brakanes skule nokre år medan eg arbeidde der, feira ein rund dag på Betel. Eg hugsar at ho samla inn pengar til eit godt føremål, men eg har gløymt både alderen og føremålet no! Det er viktig å ta vare på bygda si historie og på den innsatsen formødrene/forfedrane har gjort, for vår identitet og for komande generasjonar!

Det finst truleg ein bankkonto, lyklar, inntekter frå utleige til arbeidarar då indrettshallen vart bygd og annan informasjon. Dette er berre til orientering. Kva som vil skje vidare, lyt me venta å sjå!



## Resultatet frå Fasteaksjonen 2022:

### Ulvik

Bøsseberarane i Ulvik har i 2022 samla inn 12.818 kroner. Dette betyr at Ulvik har gjeve reint vatn til 51 personar.

### Eidfjord

Bøssebearane i Eidfjord har i 2022 samla inn 28.521 kroner. Dette betyr at Eidfjord har gjeve reint vatn til 114 personar.

Kyrkjelydane sitt innsamla totalbeløp er eit resultat av kva kyrkjelydane har samla inn både fysisk og digitalt, men òg gåver til fasteaksjonen som er registrerte sentralt frå privatpersonar og næringsliv med postnummer i soknet.

## FASTEAKSJONEN 2023

Bøssebærarane går i Ulvik måndag 27. mars og i Eidfjord tysdag 28. mars. Me veit at mange ikkje har kontanter, men det er mange måtar å gje på. Fasteaksjonen i Eidfjord og Ulvik har felles innsamlingskontoar:

**Vippsnummer 2426. Du kan senda SMS Vann til 2426. Då gjev du kr 250,- via telefonrekninga di, eller du kan setja pengar inn på kontoen til Fasteaksjonen: 1594.22.87493.**

**Ta vel imot bøsseberarane!**



**Informasjon om fasteinnsamlinga**



# Gler seg til å juble for påska

**Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.**

TEKST: BISPEKONTORET  
FOTO: GYRID C NYGAARD

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare.

— Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort

i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

## – Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

## – Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før.

– Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i

byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

## – Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan

som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellestrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske struktur og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønner at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

## – Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.



# Nizar si eventyrlege vassreise

**Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.**

TEKST OG FOTO: ANETTE TORJUSEN

– La meg løfta saman med deg, så du ikkje mister bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å hella vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelausa maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å henta vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å henta vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– Eg gjekk for å henta vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å koma for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setja meg ned og gjera lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøyt, og at ho grudde seg til å henta vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkret, minnest ho. I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønner. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vera med på å endra så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lukkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrka grønnsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å henta vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vera nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei veksa opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leika, gå på skulen og halda seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar. 4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold. Haydom er staden der Magne H. Øydvin har ytt hjelp i mange år!

# Omtanke for Haydom

**Brubbyggjaren skreiv ein gong tidlegare om innsatsen som Magne Øydvinn har gjort gjennom mange år for folk i Haydom i Tanzania. Magne har vist stor omtanke i det stille, og me var heim til han for å vita meir om dette arbeidet.**

TEKST: REDAKTØREN

Under pandemien var det uråd å reisa, og me trudde då at ettersom Magne heller ikkje er 20 år lenger, så må han halda seg i ro. Me som plar ha kontakt med han over ein kopp kaffi på Sentrum kafé, tok til å lura på kvar han var vorten av. Det viste seg at han var i Tanzania med 25 kilo nye barneklede! Då han kom att etter fire veker, var me sjølvsagt forvitne på korleis det hadde gått, og han vart nøydd å fortelja om turen. Den hadde tydelegvis hatt sine utfordringar og uventa mellomlandingar.

Turen frå Killemanjaro gjekk ikkje heilt på skinner. Flyet vart kansellert. Magne måtte overnatta på hotell, og neste dag vart det eit tanzaniansk fly til Zansibar. Då kom han ilag med eit par som hadde vore på Killemanjaro, der Magne har vore to gonger tidlegare. Dei reiste med taxi i lag til flyplassen. Frå Zansibar gjekk turen til Kenya, og vidare med Air France til Paris. Frå Paris var det direkte fly til Flesland. Magne hadde jamvel billett til russerevyen på Voss der barnebarnet var med, men på grunn av forseinkinga, fekk han ikkje sjå den! Synd, men her ho på biletet:



Her er Besten Magne si jente på russerevyen. Her er òg to andre med besteforeldre i Ulvik/Osa. Kjenner du att desse ungdommane?

Magne er mest interessert i å fortelja om sjukehuset i Haydom det han har vore mange gonger og arbeidt med vassforsyninga og anna. Det bur 25000 menneske i Haydom. Der er no bygt eit vassverk 1900 meter over havet, 100 meter over byen. Private som har pengar, kan få ein krane i hagen! Vatn til sjukehuset har Magne hjulpet til med før. Det er ikkje få veker med tid, og ikkje lite pengar det har kosta å reisa, hjulpa folk på sjukehuset. Magne har jamvel hatt med verktøy. Ein afrikanar fekk verktøy og driv no med eige firma. Dei som har lege på sjukehus, må betala. Dei som har råd, betaler og reiser heim.

No betaler 25% av dei på sjukehus for behandling. Andre vert liggjande til familie og slekt kan betala, eller det vert samla inn pengar frå ulikt hald. Det hender at gjestar til sjukehuset betaler òg. Magne fortel at han sjølv betalte «løysepengar» for ei kvinne som hadde fått trillingar. Det kosta litt meir for den ungen som var fødd nokre timar før dei andre. Liksom Magne har det kome mange hjelparar frå heile Afrika og frå resten av verda, fortel Magne. Det er helsepersonell og tannlegar, 1500 hjelparar. Sjukehuset har no sjukepleiarskule. Norad har ytt hjelp lenge, men no har dei trekt seg ut. Kirkens nødhjelp betaler i staden dei 5 millionane til sjukehuset. I Tanzania er pengeininga shilling. Me må langt tilbake i norsk søge for finna samanlikningsverdi, truleg lenger enn til skillingsbollar på Haukås bakeri. I Tanzania et dei mykje steikt kyrekjøtt. Til dette et dei «ugali» som er mais. Mais et dei mange gonger for dagen.



Billete utlånt av Magne. Det er teke utanfor sjukehuset i Haydom.

Magne veit mykje om Afrika. Det er 120 ulike språk i Afrika. Skiljelinjer som imperialistane i Europa laga seg imellom ved ein strek på kartet, er grunnlag for mykje av problema i dag. I Tanzania er det fire språk, men svahili skjønar alle. Levealderen i Tanzania er rundt 60. år. Alderen på dei kvite er viktig. Dei vart overraska og gjorde store auger då Magne no kunne fortelja at han har passert 80! Magne fortel ei afrikansk søge om at etter Gud hadde skapt afrikanarane, så ville han lata dei ulike stammene få velja seg ein reiskap. Ei stamme valde pil og boge, ei anna ville ha hakke...., men dei kvite valde geveret.

Magne har fare stilt med arbeidet i Haydom. Det er Brubbyggjaren ved redaktøren som har besøkt Magne saman med vener for å høyra om arbeidet. Me meiner at det han har gjort og kan om Tanzania og Afrika, bør koma både ungdommar og eldre til gode. Me ser dette arbeidet som eit uttrykk for omtanke og etikk nokon kvar av oss i Ulvik kan ta innover seg i ei tid med overflod og oss sjølve i sentrum, ikkje minst på sosiale media! Redaktøren fekk òg låna ei bok som truleg er aktuell for mange, noko for Folkebiblioteket og privat: *Asle Jøssang Asante. Misjon, kyrkje og kultur i Tanzania.*

Kva om me i Ulvik kunne laga ei støttegruppe, eit faddeskap for Haydom?? Eg er med, og leiar har me!

# Journalist i Eidfjord

**Tysdag 7. februar var eg invitert til å kåsera om den tida eg var journalist med Eidfjord som dekningsområde. Det var ein del av programmet i eit tilbod som soknerådet hadde for pensjonistar, og som dei kalla «Ferie utan koffert».**



TEKST: JOHANNES H. SEKSE

Frammøtet var bra, og praten gjekk trivleg rundt bordet, då eg fekk ordet. Eg starta å skriva om Eidfjord lenge før eg vart journalist. Eg var nemleg aktiv i kampen mot utbygging av Veig (og Dagali), og var svært lite populær i kommunen. I dag føler eg at dei alle fleste er glade for at vassdraget vart verna. Perioden min som journalist i kommunen, strekkjer seg frå juli 1982 til august 2011.

I starten heldt kommunestyret til i det gamle bygget på «andre» sida av elva, og fire aviser og NRK Hordaland dekkja møta. Seinare fekk eg fylgja prosessen med planlegging, bygging og innviing av det nye, der eg også fekk eige kontor. Eidfjord har vore ein triveleg kommune å dekkja, sjølv om det var enkelte, politiske prosessar, som øydela ein del for samhaldet og til dels splitta. Eg minst at eg fleire gonger tenkte «korleis går det an i ei bygd med så mange kjekke menneske»?

## Babysong


Kvar måndag samlast babyar med mødrer i kyrkja kl. 12.30. Babyane er i ulike alder, men opplegget fengjer alle! Møtet tek til med ei songøkt med ulike songar med rørsler til, babysamba og ein båndull, og bæ bæ lille lam kjem innom. Høgdepunktet er når alle babyar samlar seg under det store sjalet og mødrer lagar "bølger" over dei. Det er og utruleg spanande med såpeboblene på avslutningssongen. Etter songøkta er det tid for ein prat mellom mødrerne, medan babyane leikar på golvet, og "pratar" med kvarandre. Det er kjekt at babyane får oppleve songen og det sosiale, men nesten like viktig er det at foreldre kan koma ut og treffa andre, som attpåtil er i same situasjon! Måndagar klokka 12.30-13.30 frå 06.02.2023 t.o.m. 19.06.2023 med unntak av måndag 20.02, 03.04, 10.04, 01.05 og 29.05. Informasjon: Kjersti Johanne Nybø, tlf. 916 02 028 eller Jenny Merete Wright Johnsen, tlf. 900.68.187 Babysong finn du og på [kirken.no/Ulvik](http://kirken.no/Ulvik) og [ulvik.friskus.com](http://ulvik.friskus.com)



Dei små likar Bølger.

# Tårnagentar

Laurdag 4. februar møtte ni spente tårnagentar opp i Eidfjord kyrkje.



Dei tre store tårnagnetane var nok like spente. Alle fekk delt ut agentkort med fingeravtrykk. Kyrkja måtte kryssast gjennom ein labyrint der dei blei kjende med eit hemmeleg symbol som dei første kristne hadde. Som belønning venta ein slikkepinne. Agentane løyste ulike oppgåver, til dømes kven som kunne byggja høgast tårn med spaghetti og marshmallows. Det var symboljakt i kyrkja, kva er eit orgel eller kva har eigentleg ein prest på seg, og kva betyr dei ulike fargane? Me styrka oss på pizza og is før me fann ut kor mange steg det var rundt kyrkja. Til slutt var det endeleg tid for dagens høgdepunkt. Me gjekk opp i gamlekyrkja. Sjølv sagt

såg me oss rundt der og hørte om Rika-Ragna, men me stoppa ikkje der. Me gjekk opp den bratte trappa og hadde ein hemmeleg songstund på loftet. Litt skummelt var det å gå opp og ned og sitja på eit mørkt loft, men alle var med. Og så flinke dei var til å syngja. Kanskje du hørte oss? Me måtte sjølv sagt òg prøva å ringja med kyrkjeklokka i gamlekyrkja. Det var ein veldig kjekk dag. Me, dei store agentane, koste oss òg, og me fekk definitivt lyst til å invitera neste kull til tårnagent i 2025.



# Godt nytt og historia om Sakkeus

Sakkeus kom på besøk til 10-åringane som fekk «Godt nytt», og alle små og store fekk oppleva Sakkeus gjennom rollespel. Bengt spela Sakkeus, Linda hadde rolla som Jesus og Jorunn ordna køen av born som skulle betala toll til Sakkeus. Jorunn heldt preika der eit av hovudpunkta var at me ikkje treng klatra opp for å sjå betre eller visa betre, men heller klatra ned slik Sakkeus gjorde.

Sakkeus klatrar ned frå morbærtreet



Sakkeus tek inn tollpengar og vert rik.



Dei minste var i leikekroken med Linda.



Sakkeus i lag med Jesus. Han gjev pengane tilbake til dei som hadde betalt toll.



To av fire 10-åringar møtte. 50%!



Kyrkjesaft og kyrkjekaffi. Kjersti var kyrkjevert og hadde jamvel gebursdag. Ho hadde sjokoladecake til heile selskapet!



## PALMESØNDAG



ROLF SITT FORTELJARHJØRNE



Kappe



Palmegrein



Esel



Palme



Det nærma seg påskefesten. Ei stor folkemengd hadde følgd Jesus frå Jeriko og opp mot Jerusalem. Jesus sette seg på eselet og tok til å ri ned den svingete vegen til Jerusalem. Då begynte heile folkemengda og læresveinane å jubla høgt for Jesus. Mange la ut kappene sine på vegen, for slik var skikken når ein konge kom ridande.

Andre vifta med grønne kvistar. Både dei som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropte: «Hosianna! Velsigna er han som kjem i Herrens namn!» Då dei som var inne i byen, fekk høyra at Jesus var på veg, tok dei palmegreiner og gjekk ut for å møta han. Slik tok dei imot Jesus som ein konge.

## FINN FRAM FARGEPLYANTAR



Kilde: tekst frå boka «Fest på slottet» Runar Bang, Luther Forlag; bilete «Palmegreiner» frå boka «Kom og se i Bibelen», IKO forlag AS; fargeleggingsbilete: www.familien234.de

# Kyrkjegardane i Eidfjord

I Eidfjord har me tilsaman ca. 1 500 graver fordelte på tre kyrkjegardar:

- Gamlekyrkjegarden
- Kyrkjetræet kyrkjegard
- Modnen kyrkjegard

Kyrkjegardsarbeidar Christian Bouvain har ansvar for vedlikehald av kyrkjegardane. Til graving av graver får me hjelp av Eidfjord kommune.

## Tenester me kan tilby på kyrkjegarden

- Ettersyn og vatning: kr 300,-  
Me ser etter gravene, lukar og vatnar. Arbeidet startar når innbetaling er registrert og held fram så lenge det er trong for vatning. NB! Festar er sjølv ansvarleg for all planting.
- Årleg stell av grav kr 900,-
- Me tar ansvar for planting på gravstaden og syter for at det vert vatna, luka og sett etter gjennom sumaren. Til jol tenner me ljøs på grava og legg ut krans. (Pris utan krans til jol kr 790,-)

- Oppretting av skeive gravminne kr 300,- pr time
- Bolting av gravminne kr 300,- pr time
- Gravlegat. Nærare avtalt beløp.  
Det vert innbetalt ein avtalt sum til gravlegatet. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkja utgifter til planting og stell av gravstaden i legatperioden. Gravlegat kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn festetida eller fredingstida som ligg framføre. Dersom midlane ikkje rekk til å dekkja stell ut festeperioden, er det høve til å auka legatet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp. Dersom det er midlar att av legatet når festetida er ute, kan dei brukast av soknerådet til pynting av kyrkjegarden. (Prisar 2023, gjeld pr gravminne)

## Litt om gravminne

Gravminne kan ikkje setjast opp før det har gått 6 mnd etter gravlegging. Dette for at jorda skal få tid til å siga før steinen vert sett på plass.

## Dimensjonar:

Forskrift til gravferdslova set grenser for storleiken på gravminne:  
§ 23 "Gravminne skal ikke være høyere enn 150 cm, bredere enn 85 cm og tykkere enn 60 cm."

## Sikring:

Kyrkjegardtilsette går over alle gravminna ein gong i året for å sjekka at dei er forsvarleg bolta. Det vert sendt ut varsel til ansvarleg for dei gravminna som ikkje er tilstrekkeleg sikra. Me tilbyr bolting til ein pris på kr 300,- pr gravminne dersom festar ønskjer dette.

## Ansvar:

Eigar/festar er ansvarleg for at gravminne ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på kyrkjegarden.

## Plantefelt og lause dekorgjenstander:

Plantefeltet kan ikkje vere breiare enn gravminnet og ikkje stikka lenger fram enn 80 cm målt frå bakkant av gravminnet.

## NB!

*Gravutstyr som vasar lykter og stein må ikkje plasserast utanfor plantefeltet. Unngå også plassering av lause gjenstander ved sida av og bak gravminnet. Hugs at små lause steinar brukt som bedkant lett kan hamna i grasklyppar og øydeleggja utstyret.*

# Når nokon døyrr



**Nokre gongar i livet kan me oppleve det vonde å mista ein eller ei av våre aller næraste. Då er det ikkje alltid like enkelt å vita kva me skal gjera av praktiske gjeremål.**

## Kven skal ein kontakta?

Lege. Det er han som skal stadfesta dødsfallet. Presten må kontaktast for avtale om dag og tid for gravferda. Hordaland Tingrett skal alltid kontaktast. Dei fører protokoll over alle dødsfall og skal ha opplysningar mellom anna om slekt og næraste pårørande. Gravfersbyrå kan kontaktast for hjelp med ulike sider av gravferda.

## Praktiske gjeremål

### Stell av den døde

De kan gje heile ansvaret for stell til andre, eller de kan få hjelp til å gjera det de ønsker sjølv. Som pårørande vel de korleis de ynskjer å gjera dette.

### Transport til bårerom

Når båra med den døde må transporterast ei strekning på over 20 kilometer, blir naudsynte utgifter til transport til kyrkjegard dekkja. Nav kan gjera unntak frå 20 km regelen dersom det er langt til næraste gravfersbyrå og i enkelte andre høve. Sjå [www.nav.no](http://www.nav.no)

### Dødsannonse

Gravfersbyrå kan hjelpa med dette, eller de kan gjera det sjølv.

### Trykking av salmar

Salmehefte kan de få trykt hjå gravfersbyrå eller trykkeri, eller ein kan laga og kopiera sjølv. Salmebok kan nyttast. Organisten kan kontaktast dersom ein ynskjer preludering (speling rett før gravferda) eller har særskilde ynskje om musikk som skal framførast i gravferda.

### Pynting av kyrkja, båreljøs og berarar

Pårørande kan pynta i kyrkja sjølv, eller få hjelp av blomeforretning eller gravfersbyrå. Kyrkjetenaren kan også hjelpa til. Pyntinga startar til vanleg ca. 2 timar før gravferda tek til. Kyrkja har ljøs og vasar. Om familien ynskjer det kan kyrkjetenar setja opp ein kross på

grava, med namnet til den døde, og rydda vekk visne blomar og kransar.

## Gravferd utanom Den norske kyrkja.

Ein kan ha gravferd utan kyrkja si deltaking. Kyrkjeleg fellesting har ansvar for kyrkjegardane og ivaretek desse for alle trussamfunn. Ynskjer de seremoni ein annan stad enn kyrkja, kan de som pårørande ordna dette sjølv. Seremonien kan gå føre seg i anna lokale i bygda. Ta kontakt med kommunen dersom dette er aktuelt.

## Kyrkjegarden – gravstaden

### Ny grav

Alle som bur i kommunen har rett til fri grav når dei døyrr. Nokon vel ny grav, men det kan vera fleire alternativ.

### Bruk av familiegrav

Etter 30 år kan ei grav nyttast til ny gravlegging. Det kan vera greit å tenkja gjennom om ein ønskjer å nytta opp att ei familiegrav. Sekstiårsgrrensa for sletting av grav gjeld alltid frå siste gravlagd. Slik kan ein behalde ein familiegravstad gjennom generasjonar.

### Feste av grav

Alle graver skal ha ein som er ansvarleg for grava, ein festar. Ved bruk av ny grav kan ein festa (reservera) ei grav ved sida av. Desse to gravene utgjer då ein gravstad. Reservering av grav kan kun skje i samband med gravferda. Den første grava som blir teken i bruk i ein gravstad, er fri grav. Det skal ikkje betalast festeavgift for denne i fredningsperioden som er 30 år. Den reserverte grava ved sida av må ein betala festeavgift for fortløpande, også etter den er tatt i bruk.

### Gravminne

Etter 6 månader kan det setjast opp gravminne på grava. (sjå elles §3 i vedtekter for kyrkjegardane i Eidfjord.)

### Bruk av eldre gravminne

Eldre gravminne er ofte unike og av svært god kvalitet. Det er mogleg å nytta opp att gravminne som har vore i familien si eige, og soknerådet oppfordrar folk til å vurdere dette ved ny gravlegging. Framsida kan slipast ned, og nye namn setjast inn, eller ein kan la dei gamle namna stå og føye til nye. Ein kan også snu steinen og laga ny framside for nye namn. Slik kan same stein visa fleire generasjonar som er gravlagde i grava.

**Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærrområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på [fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)

Bufetat



# «Det at du gleder en annen, det er er den eneste glede!»

«En hustavle» av Arnulf Øverland

Det er mykje godt å seia om den digitale revolusjonen som me har opplevd dei siste tredeve åra. Han gjer kommunikasjon og styring av mange funksjonar lettare, men har og utfordringar på det menneskelege planet.



Dette er målarstykket «Då telefonen kom til Vivaldi» av Kari og Lars Vivaldi.

TEKST AV EILIV LÆGREID

Det enkelte menneske kan koma i fokus på ein uheldig måte, når det gjeld å vera best og finare enn andre. Det menneskeleg og omtanken vert borte. Dette er ikkje teknologien sin feil, men brukaren! I førre nummer av Brubyggjaren skreiv me om ein fin omtanke overfor folk i Vivaldi som opplevde ein tidlegare revolusjon, telefonen. Me har fått litt meir tekst og bilete av eit måleri til denne hendinga. Det tek me med.

Det var eit storhende for folket i Vivaldi å få ført telefonen fram til gards. Den første tida var dei ikkje rett klår over kva føremuner telefonen gav dei. For å syna kva telefonen kunne gjera for dei og kor nærre dei no kom i kontakt med omverda, gjorde stasjonen i Eidfjord dette eksperimentet:

Det var jolaftan og første jola dei hadde telefon i Vivaldi. Då klokka nærma seg 17.00 tok stasjonen kontakt med den abonnenten som låg nærast kyrkja. Vi bad han då om han ville leggja telefonen fram i eit ope glas når kyrkjeklokkene byrja å ringja jola inn klokka 18.00. Me ringde so til henne Kari i Vivaldi og ba henne høyra etter i telefonen klokka 18.00, då ville ho få høyra noko som ho aldri hadde høyrte før. Ho ville få høyra kyrkjeklokkene på Lægreid ringja jola inn!

Straks etter kl. 18.00 vart sambandet sett opp mellom desse to abonnentane. Nokre minutt etter gjekk me inn for å høyra om kontakten var der, den som skulle bera fram kyrkjeklokkene på Lægreid som varsla om at jola var i kjømda. Dette møtet gjorde nok inntrykk, for Kari sto i telefonen og gret. Det første møtet med klokkeklangen frå kyrkja på Lægreid hadde rørt ved ei djup og ekte kunstnarsjel.

Eit halvt år etter fekk me førespurnad om me ville overta eit målarstykke der motivet var «Det første møtet med kyrkjeklokkene på Lægreid jolaftan».

## Som dagane går...

### Døypte

#### Ulvik

Ylva Netland Lie  
Johanna Øydvinn  
Oliver Røed Jakobsen

### Avlidne

#### Ulvik

Aslaug Lekve, fødd 1931  
Bård Fleten, fødd 1959  
Kåre Ottar Olsen, fødd 1923  
Gunvald Wallevik, fødd 1923

#### Eidfjord

Gjertrud Skulerud, fødd 1928  
Kari Johanna Huse, fødd 1970  
Brita O Hereid, fødd 1920  
Kjell Arild Kvale, fødd 1953

# Gudstenesteliste

## ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
12.03.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Folkemusikkmesse
	13:00			Dåp
19.03.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Barna sin Påskefest, årsmøte og kyrkjekaffi
02.04.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Palmesundag
06.04.2023	20:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Skjærtorsdag
09.04.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	1. Påskedag/dåp
28.04.2023	18:00	Fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
07.05.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2023	09:30	Onsdag	Ulvik kyrkje	Festgudsteneste 17. mai
18.05.2023	11:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Kristi Himmelfartsdag
29.05.2023	11:00	Måndag	Utegudsteneste, Osa grendelag	2. Pinsedag
11.06.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
25.06.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:  
125390



## EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
26.03.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Soknemøte
07.04.2023	11:00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Langfredag
09.04.2023	11:00	Sundag	Liseth pensjonat	Utegudsteneste 1. påskedag
03.04.2023	11:00	Onsdag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
03.05.2023	11:00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
14.05.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
17.05.2023	11:00	Onsdag	Eidfjord gamle kyrkje	Festgudsteneste 17. mai
04.06.2023	11:00	Sundag	Øvre Eidfjord	Utegudsteneste
25.06.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:  
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?  
Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!

## ULVIK OMSORGSTUN

### Andaktar våren 2023:

Torsdag	16/02	kl. 11.30
Torsdag	09/03	kl. 11.30
Torsdag	30/03	kl. 11.30
Torsdag	20/04	kl. 11.30
Torsdag	11/05	kl. 11.30
Torsdag	01/06	kl. 11.30

Velkomen!



## Søndagsskolen i Ulvik

Søndag 19. mars kl. 11.00 i Ulvik kyrkje, Barna sin Påskefest  
Måndag 2. Pinsedag, 29. mai kl. 11.00 i Osa grendalag sitt.

## Ynskjer du samtale med prest?

Ta kontakt med Bengt Arvidsson på 902 58 161



## Folkemusikkmesse i Ulvik kyrkje

Sundag 12. mars kl. 11.00: Folkemusikkmesse i Ulvik kyrkje med Rannveig Djonne - toradar, Marta Lindvik og Elise Østeraat - fele, Bengt Steffan Arvidson - fløyte, og lokale vokalistar Unni Solem. Vibeke Johnsen, Jenny Johnsen og Kjersti Johanne Nybø.



Vårt Fjell & Fjord Hjerte er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord  
www.effh.no / 53 66 52 64

## GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar, og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider  
på tlf. 56 52 64 47  
mob. 952 10554 / 952 13375

## BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar av blomahelsingar til alle høve, i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera blomahelsingar til dei pårørende, kransar bæredekorasjonar bærebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss pynting og stell av graver.

## GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne i samarbeid med



Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

**MURMESTER**  
Nils Gunnar  
**ØYDVIN AS**  
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



Maskinentreprenør  
**Arne Osa**

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82

MOB. 91 10 18 95




FJORDTIND  
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no  
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no



## Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar

**Vinsands** VİRKE  
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522  
www.vinsand.no

**ULVIK BENSIN & SERVICE**  
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533




## Det finst mange små og store draumar på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos oss er kundane den største eigaren. Alle kundar med lån eller innskot får delen sin av overskotet, direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





# Økonomien i Brubyggjaren

**Siste året har stadig fleire fått problem med økonomien. Det er urettferdig at somme skal slita med økonomien i eit rikt land som Noreg, særleg når eit mindretal vert rikare og rikare!**

TEKST: REDAKTØREN

Brubyggjaren har alltid slite med økonomien, difor ligg det stadig innbetalingsblankett i bladet.

Me trur ikkje at abonnementspengane er det som tippar økonomien til folk, men kanskje interessa for bladet. Eg har høyrte kommentar frå ein som sa, at Brubyggjaren går rett i papirdunken. Då er det kjekt å høyra frå ein utflytt ulviking som skriv: «Å få Brubyggjaren er som å få brev heimanfrå!» Slikt varmar å lesa, og det er akkurat der Brubyggjaren vil.

Han fortel dei utflytte kva som skjer «heime», men og dei heime om liv og død i heimbygda, om sundagsskule, gudstenester, andre tilbod, tankar om livet, omsorg og hjelp... Det er ein fellesskapstanke bak bladet. Det er ikkje så verst at bladet har stått på egne bein så lenge.

I 2023 er det 65- året. Dersom det ikkje er liv laga som «Informasjon», det vil seia at det kjem i alle postkassar, så må 2023 verta det året ein satsar på vanlege abonnentar lokalt og til dei utflytte ulvikingar. Hugs å setja namnet ditt på innbetalinga!

Det vert difor viktig å stadfesta kor stor interessa er i bygda, ved tilbakemeldingar i form av abonnementsbetalingar eller signal på mail, melding, ein lapp i postkassen til Kyrkjelydssenteret. Me tek gjerne imot tips om endringar og



---

**«Å få Brubyggjaren er som å få brev heimanfrå!»**

---

anna aktuelt stoff. Ein del bedrifter stør opp om Brubyggjaren, kanskje fleire kan gjera det. Gåver er kjærkomne! Men det grunnleggjande spørsmålet vert: Kor mange «vanlege folk» i Eidfjord og Ulvik er interesserte i å halda bladet i live? Hugs å setja namn og adresse på innbetalinga i tilfelle ein må gå over til abonnentsordning!